



Arkivnr: 2014/862-25  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av fagopplæring

### Bakgrunn for saka:

#### **Revisjonsrapport innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune vart handsama i fylkestinget 11.12.13 og det vart gjort slikt vedtak:**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Vurdere å legge fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning og som innfrir formalkrav, for å få kjennskap til eventuelle risikoforhold medlemmene i yrkesopplæringsnemnda har om søkerbedriftene.*
- 2. Sikre at flest mogleg gjennomfører instruktørkurs for å bidra til å sikre at lærlingane får den oppfølginga og det faglege innhaldet dei har krav på i læretida.*
- 3. Sikre at saksframlegga i politiske saker knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet gir tydeleg informasjon om og oversikt over tilgang på læreplassar innanfor ulike fagområde.*
- 4. Undersøke om det er mogleg å på ein systematisk måte sikre at listene over lærebedrifter er oppdaterte og ikkje inneheldt avvikla verksemder.*
- 5. Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar som mellom anna tek utgangspunkt i rapportering frå bedrifter.*
- 6. Vurdere om det er mogleg å auke talet på læreplassar i eigen organisasjon.*
- 7. Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om lærekandidatordninga, og opprettheld fokus på å informere skulane om korleis dei best kan leggje til rette for lærekandidatane.*
- 8. Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.*
- 9. Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.*
- 10. Laga ein handlingsplan innan 1.3.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

**Kontrollutvalet har fulgt denne forvaltningsrevisjonen opp ved 3 høve i 2014 og ein gong i 2015 der det vart gjort slikt vedtak i møte 24.08.15:**

*«Kontrollutvalet registrerer at det framleis gjenstår ein del arbeid i høve punkt 9 etter forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015 på punkt 9.»*

Drøfting:

Ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 4.1.16 er no motteke og ligg ved.

Av tilbakemeldinga registrerer sekretariatet at det i 2015 er gjort mykje for å få på plass forbetringar som gjeld punkt 9 i rapporten og meiner med det at utvalet bør seie seg nøgd med det arbeidet som er gjort.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune og at ein med det seier seg ferdig med saka.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Løypemelding forvaltningsrevisjon Fagopplæring